

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Vesøy

Emne: Lauving

Bygdelag: Rødven

Oppskr. av: Eiliv Sandnes

Gard: Skulehagen

(adresse): Rødven

G.nr. 58 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Her enno litt lauving, men ikkje heilt ålment. Det var noko lauving under siste verdenskrig og.
2. Den vanlege lauvingstid her var etter slåtten - mellom slått- og skuronn. Nemne måten for arbeidet var å "ta lau" (lau(v)taking. Det mest vanlege lauv var bjørk, og so rogn og hegg om det fanns .
3. Reidskap til å ta lauv med var her mest vanleg åkersigd og lauvjarn ("snidil"). Å rispe lauv av tre har ikkje vore vanleg her.
4. Ein tek lauv både av tre som blir hogd ned og av rotfaste tre . Den siste måten gjeld då mest berre små tre som ein når i grein og kvist på . Å pile tre er lite brukt. Det kan einast vere store asketre o.l. , men dette er helst for treet si skuld meir enn for lauvet. Å pile t.d. alm med visse års mellomrom er her i Romsdal ikkje noko vanleg andre stader enn i Eikisdal.
5. Lauvet blir bunde i kjerv (eit) og då gjerne reist opp ti dei tre som er avlauva - til turk. Er kjerva sett på marka, er det med rotenden ned. Hengjer ein kjerva opp t.d. på det treet som lauvet er hogd av, anten det er eit stort tre som er feldt eller små tre som topp og greiner er hogd av, so hengjer ein kjerva med rotenden ned. Å stakke lauvet er ikkje vanleg her.

6. Her er no ikkje teke meir lauv enn det blir heimført straks det er tørt. Er det nær husa og ikkje so mykje, blir det gjerne berre bore inn. Ein tek då kjer-va, so mange ein kann vinna over, i toppenden og kastar på aksla og ber soleis. Lauvdugnad er ikkje kjendt her.
7. Lauv blir teke mest berre i innmarka no. Før tok ein og i útmarka. No er det kanskje mest kvinnfolk-arbeid det heile, når det først blir teke lauv.
8. Når lauvet er tørka ute, blir det vanleg, når det kan vere rom til det, lagt oppå høyet, eller i ei sval om ein har det. Då det no er mindre med lauvtaking enn før, blir det mest berre sauene som får det, og gjerne berre ein gong for dagen.
9. Som rikti godt før reknar ein rogn, hegg og bjørk.
10. Almelauv til grisen blir ikkje brukt her.
11. Felleslauving veit ein ikkje av. Heller ikkje veit ein av at nokon everlet sin andel i lauvteigen til andre. Heller ikkje leige.

Lauv som rakas saman på bakken kan ein ikkje rekne er noko brukt. Det kan einast vere av tuntre samt.d. ask m. o.l. at det kan bli raka saman til for i overgangstida om hausten.

3200

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING